

Atløy båt og marina AS
Nervika/Vilnes
6985 ATLØY

Vår dato: 20.05.2022

Vår ref.: 202203619-2 Oppgi ved førespurnad

Dykkar ref.:

NVE si vurdering av nytt postsmoltanlegg i Askvoll kommune, Vestland

Vi viser til førespurnad frå Rådgivende Biologer AS på vegne av Atløy båt og marina AS av 9.2.2022 om vurdering av landbasert oppdrettsanlegg på Atløy i Askvoll kommune.

Omtale av plan for tiltaket

Atløy båt og marina AS har planar om å etablere eit nytt landbasert RAS-anlegg for produksjon av postsmolt av laksefisk på eit industriområde i Nærvika, sør på Atløy. Anlegget skal produsere 4000 tonn fisk i året og det skal nyttast avsalta sjøvatn til all produksjon.

NVE si vurdering

NVE behandlar vassuttak til settefiskanlegg etter vassressurslova. Vassressurslova har som føremål å sikre ein samfunnsmessig forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn.

I meldinga er det opplyst at heile behovet for ferskvatn skal dekkast gjennom avsalting av sjøvatn. Vi legg dette til grunn for vår vurdering.

NVE vurderer planane slik dei er lagt fram for oss til ikkje å krevje noko ytterlegare behandling etter vassressurslova.

NVE si rettleiing

NVE minner om at viss det seinare vert aktuelt å hente ferskvatn frå grunnvatn eller vassdrag i nærleiken skal dette behandlast av NVE. Ved utførte tiltak som er konsesjonspliktige etter vassressurslova vil NVE med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting. Iverksetting av konsesjonspliktige tiltak utan nødvendig løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
seniorrådgjevar

Dokumentet er sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Godkjent av Gry Berg
Seksjonssjef

Mottakarliste:

Atløy båt og marina AS - Ingar Fiskarstrand

Kopimottakarliste:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE